

LA TRAVIATA

AV GIUSEPPE VERDI



28. SEPTEMBER – 8. OKTOBER 2022

KJÆRE PUBLIKUM



Kjære publikum,

Kvart år seier eg at eg er ekstra stolt over årets produksjon – og eg meiner det av heile mitt hjarte, like mykje kvart år. I år bøyer eg meg i støvet – og i høvelspon, sagflis, malingsflekkear,

stoffrestar og knappenåler – i djup takksemnd for den eventyrlege innsatsen frå ALLE frivillige som er gjort for å nå målet og vere premiereklare med ein utanom-det-vanlege ambisiøs operaproduksjon.

Akkurat i år må det vere lov å gi ein ekstra honnør og takk til alle som har arbeidd med å skape scena i operahuset om til eit Art Deco-univers med hittil nye høgdemål, både bokstaveleg tala og, ikkje minst, ved å drøyme store draumar. At vi torde! Takk og takk til våre fantastiske dugnadssnikkarar, som saman med lærarar og elevar på yrkesfag ved Eid vidaregåande skule og scenograf Yngvar Julin har sprengt nye grenser for kva vi kan få til gjennom godt samarbeid og sterk vilje til gjennomføring.

Stor takk også til regissør Arne Fagerholt, som har laga ein regi for vår *La Traviata* vi seint vil gløyme, og som rører oss alle djupt - og til resten av det flotte kunstnariske teamet vårt. Og

kva skulle vi vel gjort utan dei fantastiske solistane våre? Eller det vakre orkesteret? Eller det flotte koret og dei stilige dansarane våre? Eller heile det tekniske teamet vårt? Og, ikkje minst, vårt publikum? Det er det som er det aller beste med opera: vi er så mange som treng kvarandre og er avhengige av kvarandre for å nå det magiske målet. Kvar og ein, langt der ute i sirkelen, gjer sine arbeidsoppgåver over tid og arbeider seg innover mot målet, som er premieren, der alle trådane møtast, alle finn sin plass og magien startar.

Stolane er gode i operahuset; set deg godt til rette og opne alle sansane – og lat oss saman heie på den vakre kjærleiken, der den er å finne.

Med beste helsing

Kari Standal Pavelich,
operasjef

I 2023 FEIRAR OPERA NORDFJORD 25 ÅR OG BYR PÅ FØLGJANDE PROGRAM:

14.–16. april: Requiem av G. Verdi

14. april: Operahuset Nordfjord, Nordfjordeid
15. april: Sjøborg Kulturhus, Ulsteinvik
16. april: Førdehuset, Førde

Medverkande: Solistar, utvida orkester og stort, samansett kor bestående av musikklinjekora ved Firda vidaregåande skule, Volda vidaregåande skule og operakoret

3.–8. juli: Sommarskule i musikkteater for born og ungdom frå 5. til 10. klasse

4.–15. oktober: Soga om Sol – nyskrive musikkteater av Øystein Wiik og Gisle Kverndokk om utvandringa frå Nordfjord til Amerika

1.–3. desember: Familieproduksjon - vert kunngjort seinare

LA TRAVIATA

MUSIKK: GIUSEPPE VERDI

LIBRETTO: FRANCESCO MARIA PIAVE

NYNORSK OMSETTING: JOSTEIN AVDEM FRETLAND

Musikalsk leiar: **Michael Pavelich**

Regissør: **Arne Fagerholt**

Scenograf: **Yngvar Julin**

Kostymedesignar: **Nora Furuholmen**

Lysdesignar: **Ovar Holmen**

Maskør: **Maren Togstad**

Regiassistent: **Trude Amalie Leirpoll**

Rekvisitør/scenografassistent: **Anndi Bergset**

Tilskjerar/arbeidsleiar kostyme: **Anne Gotaas**

Maskeassistent: **Tatiana Thordarson**

Inspisient: **Sofia Berg**

Inspisient-assistent: **Ida Sandven Kjesbu**

Scenemeister: **Kristian Myksvoll Sætren og Ine Nord**

Repetitører: **Andreas Løken Taklo og Tone Støylen Holgersson**

ROLLELISTE

Violetta: **Lydia Hoen Tjore**

Alfredo: **Erlend Tvinnereim**

Germont: **Trond Halstein Moe**

Doktor Grenvil: **Trond Gudevold**

Annina: **Elisabeth Gimmestad**

Flora: **Nora Oleanne Sårheim**

Gastone: **Eivind Kandal**

Baron Douphol: **Øystein Skre**

Giuseppe: **Sindre Fløistad**

HELSING FRÅ REGISSØREN



Det er ikke tilfeldig at *La Traviata* er en av verdens mest fremførte operaer. Musikken byr på det ene høydepunktet etter det andre, og historien er kanskje den mest gripende i hele operarepertoaret.

La Traviata var øverst på min ønskeliste om jeg en gang skulle få regissere opera. Den urettferdighet hovedkarakteren Violetta blir utsatt for er rystende og gjenkjennelig for meg, hun kan ikke få den hun elsker fordi hun er den hun er. Alt falt på plass da operasjef Kari spurte meg om å regissere nettopp denne operaen for Opera Nordfjord.

Å få elske den man vil har vært et aktuelt tema når vi i Norge markerer Skeivt kulturår i 2022. Selv om operaen er skrevet i en helt annen tid, har Violettas utenforskap og ulykkelige skjebne vært lett å kjenne seg igjen i for mange skeive opp gjennom historien.

Med dette utgangspunktet har jeg som regissør og koreograf latt meg inspirere av vår egen tids kultfenomener som ballroom, transkultur og vogueing, bl.a. kjent fra serien Pose på HBO. Denne skeive subkulturen har mange paralleller til Violettas utenforskap i operaen slik den var skrevet i sin tid.

Og selvsagt ønsket jeg å bringe dansen inn i dette universet! Verdis smektende musikk inviterer til dans, og med hele 10 flotte dansere som også kan synges ble dette en fin mulighet til å fylle Yngvar Julins vakre scenografi med bevegelse.

Å få komme hit til Nordfjordeid og oppleve det fantastiske operamiljøet her har vært en sann glede. Hva Opera Nordfjord får til gjennom sitt unike samarbeid mellom skole, lokale frivillige og profesjonelle er imponerende, og jeg kan ikke annet enn å takke fra hjertet til alle involverte. Dere skaper magiske øyeblikk!

Nå gjenstår bare møtet med dere som publikum, det endelige målet for all vår innsats. Ta godt i mot solister, kor, dansere, musikere og dirigent, her er vår versjon av *La Traviata* i 2022!

Arne Fagerholt,
regissør



innbyr til KONSERT I EID KYRKJE

Måndag 3. oktober kl. 19.00 til inntekt for årets TV-Aksjon

Solistar og musikarar frå *La Traviata* deltek

Fri inngang – kollekt

23. OKTOBER 2022



HANDLINGA I LA TRAVIATA VED ARNE FAGERHOLT

Verdis vakre opera "La Traviata" fra 1853 bygger på Alexandre Dumas d.y.'s roman "Kameliadamen" – historien om den luksusp prostituerte Violetta Valery og hennes kjærlighet til den unge Alfredo Germont – en kjærlighet som Alfredos far, Giorgio Germont, ikke kan godta på sin families og samfunnets vegne.

Også på tiden operaen ble skrevet var La Traviata en fortelling om utenforskap og urettferdighet, Violetta kan ikke få den hun elsker fordi hun er den hun er. Utenforskapet er fortsatt svært gjenkjennelig for mange av oss som lever i dag.

I vår versjon fortelles historien som en «tidløs samtidsfabel» der verden har utviklet seg i totalitær retning. Streng disiplin, konformitet og konservativ moral råder, det er ingen rom for avvik fra normen. Ingen farger eksisterer, bare beige.

Violetta er stjerna i et fargerikt og frodig undergrunns-miljø, en bortgjemt subkultur for de som ikke passer inn i det strenge samfunnet over bakken. Her inne er de trygge og kan leve ut sine drømmer og være seg selv. «Turister» fra den beige verden utenfor ser på denne subkulturen som et eksotisk fristed de kan besøke når de vil slå seg litt løs og lette på trykket.

Violetta er syk og påminnes stadig om at hun ikke har lenge igjen å leve. Hun klamrer seg til livet gjennom utagerende festing og nytelse, og oppvartes av den rike baron Douphol. Når den beige Alfredo oppsøker klubben og erklærer sin oppriktige kjærlighet til henne, avviser hun ham først. Alfredo kommer fra en verden som ser ned på slike som henne. Og hvordan kan hun satse på den store kjærligheten når hun likevel snart skal dø?

KORT SKIFTPAUSE

Likevel faller hun for Alfredo og velger til slutt å satse på kjærligheten. Sammen drar de to på luksuserie ut

på landet hvor de bare lever for hverandre. Alfredo er lykkelig uvitende om at Violetta bruker alle sine sparepenger på ferien, og når han får vite det, reiser han inn til byen for å skaffe dem mer penger.

Violetta og hennes to trofaste venner fra klubben får invitasjoner til nye fester, men de er enige om at de har lagt festingen bak seg.

Alfredos far, den konservative Giorgio Germont, oppsøker Violetta og krever at hun må gi avkall på Alfredo. Han sier hun bringer skam over familien Germont og at hennes forhold til Alfredo nå truer datterens bryllupsplaner. For Alfredos søsters skyld tvinger han Violetta til å forlate mannen hun elsker og har satset alt på.

Nå faller hele Violettas verden i grus. Hun må love Germont at hun ikke skal fortelle Alfredo om farens befaling. Hennes eneste utveg er nå å gå tilbake til baron Douphol, og med tungt hjerte skriver hun sitt avskjedsbrev til Alfredo. Før hun har skrevet ferdig, kommer Alfredo tilbake fra byen. Han har hørt fra faren og venter ham hvert øyeblikk. Violetta tier om at Giorgio Germont allerede har besøkt henne, og straks etter forlater hun feriestedet i hemmelighet.

Alfredos far kommer tilbake og forsøker uten hell å overtale Alfredo til å bli med hjem til familien. Når Alfredo tilfeldigvis finner festinvitasjonen fra klubben, skynder han seg etter Violetta til byen for å konfrontere henne.

PAUSE

Tilbake i klubben er det duket for «spansk aften» med underholdning for gjestene. Ryktene svirrer om at Alfredo og Violetta har gått fra hverandre.

Alfredo ankommer klubben og straks etter gjør Violetta, geleidet av baron Douphol, sin entré. De to

rivalene møtes ved spillebordet, og baronen taper store summer til Alfredo. Violetta får et øyeblikk alene med Alfredo, og hun ber ham om å forlate selskapet for å unngå baronens sjalusi. Alfredo svarer at han vil gå hvis hun følger med ham. Violetta sier at hun er bundet av et løfte til en mann hun ikke kan røpe navnet på. Alfredo tror hun mener baronen og spør om hun elsker denne mannen. Violetta ser ingen annen utveg enn å si ja.

Denne innrømmelsen gjør Alfredo rasende. Han påkaller alle gjestenes oppmerksomhet for å vise at han vil betale Violetta tilbake det han skylder henne for de siste måneders «tjenester». Etter det han forstår kan ikke Violettas kjærlighet ha vært oppriktig, og han kaster pengene over henne i affekt.

Plutselig hører Alfredo sin fars stemme irettesette ham, og han skammer seg over sine handlinger. Men kjærligheten han følte er ødelagt, og han forlater en knust Violetta.

En tid er gått, og Violetta ligger for døden, pleiet av sin trofaste venninne Annina og den alltid tilstedeværende dr. Grenvil. Hun trøster seg selv med brevet hun har fått fra Giorgio Germont for en god stund siden. I brevet forteller han at Alfredo nå har fått høre sannheten, og at de begge er på veg til henne for å be henne om tilgivelse.

Violetta har ventet lenge og er redd tiden vil renne ut. Hun erkjenner at døden er nær.

Alfredo ankommer og blir sjokkert over hvor syk Violetta ser ut. Violettas gjensynsglede blir for mye for henne, og selv om de sammen klamrer seg til et håp om en framtid, kommer døden stadig nærmere.

Endelig kommer den angrende Giorgio Germont og ber om Violettas tilgivelse. Plutselig føler hun at kreftene kommer tilbake. I det Violetta fylles med en intens glede over livet, segner hun død om.

MEDVERKANDE

Arne Fagerholt regissør/koreograf

Arne Fagerholt kjem frå Orkanger og er kjend som dansekunstnar, kulturleiar og teatersjef. Han er utdanna ved Statens Balletthøgskole og vart tilsett som solist i Nasjonalballetten berre 20 år gammal. Samme år vann han ein oppsiktsvekkande sølvmedalje i Eurovisjonens internasjonale konkurranse for unge dansarar i Italia. Arne har dansa i Carte Blanche og har arbeidd frilans ved dei fleste scener i Noreg som skodespelar, dansar, koreograf og regissør. Han har òg vore gjestelærer ved ei rekkje nordiske dansekompani samt som lektor ved Kunsthøgskolen i Oslo. I perioden 2001 til 2008 var han teatersjef for Carte Blanche i Bergen. Han var medlem av Norsk Kulturråd og leiar for Faglig utvalg for dans frå 2012 til 2018. Arne har vore tilsett som kulturleiar i Orkdal/Orkland kommune frå 2011 og har òg hatt en rekke oppdrag og viktige verv, mellom anna er han no styremedlem ved DNO&B. Her på Vestlandet er han kjent for sin regi og koreografi i suksessforestillinga *På lokalet* for Teater Vestland i 2016 og 2018.



Michael Pavelich dirigent/kormeister

Michael Pavelich er kunstnarisk leiar i Opera Nordfjord og er utdanna songar og dirigent ved The University of Michigan. Han var ein av initiativtakarane til Opera Nordfjord, og sidan 2000 har han hatt den musikalske leiinga i samtlege produksjonar, m.a. *La Bohème*, *Figaros bryllup*, *Tosca*, *Rigoletto*, *Eugene Onegin*, *Carmen*, *Tryllefløyten*, *Madama Butterfly*, *I Puritani* (*Søner av sola*) og *Sildagapet*. Våren 2009 sette han opp konsertversjonen og verdspremieren av operaen *Tyrffing* av Johannes Haarklou under opninga av Operahuset Nordfjord. Pavelich har hatt dirigentoppdrag for m.a. Oslo Operafestival, Flagstadfestivalen, Operaen i Kristiansund, Ringsakeroperaen, Ålesund Symfoniorkester og Sogn og Fjordane Symfoniorkester. Sidan 2006 har han hatt det kunstnariske og musikalske ansvaret for dei årlege skulemusikalane ved Eid vidaregåande skule, fram til 2019. Michael har hatt regi på *Madama Butterfly*, *Søner av sola* og familieproduksjonane *The Sound of Music* og *Du er god, du, Charlie Brown* og *Annie*, der han forøvrig også song rolla som Daddy Warbucks.



Yngvar Julin scenograf

Yngvar Julin er scenograf og arkitekt, utdanna ved Arkitekthøgskolen i Oslo og University of North East London. Han driv sin eigen praksis og arbeider med bygningsarkitektur, utstillingsdesign og scenekunst i inn- og utland. Som scenograf og kostymedesignar har han arbeidd med utvikling av ny dramatikk og klassiske tekstar, dans, film og opera. Han gjestar for første gang Opera Nordfjord med denne storslåtte scenografien til *La Traviata*.





Nora Furuholmen

kostymedesignar

Nora Furuholmen er scenograf og kostymedesignar. Ho er utdanna møbeldesignar med hovudfag frå Kunsthøgskolen i Oslo i 2005. Saman med lysdesignar Joakim Moe Røisland mottok Furuholmen i 2007 Hedda-prisen for arbeidet med *Gjengangere*, som vart vist på Hålogaland Teater året før. Nora har hatt ei rekke scenografi- og kostymeoppdrag på norske teaterscener, mellom anna for Hålogaland Teater, Det Norske Teater, Nationaltheatret, Riksteateret, Trøndelag Teater, Nordland Teater og Rogaland Teater. Dette er første gong Nora gjestar Opera Nordfjord.

Ovar Holmen

lysdesignar

Ovar kjem frå Drammen og har budd i Eid kommune sidan 2009, då han begynte å arbeide for Operahuset Nordfjord, der han er lys- og teknikkansvarleg. Han har tidlegare gjort lysdesign for Opera Nordfjord på *Turandot*, *The Sound of Music*, *Du er god, du*, *Charlie Brown*, *Sildagapet*, *Annie*, *Hans og Grete* og *Mannen frå La Mancha* og har hatt designansvar på alle skulemusikalane ved Eid vidaregåande skule sidan 2009.



Maren Togstad

maskør

Maren er utdanna frisør, maskør og parykkmakar. Ho lagar også rekvisittar, og har fast tilsetjing hjå Operaen i Kristiansund i 50%. I tillegg til dette frilansar ho rundt omkring i heile Noreg. Det kommande året skal Maren mellom anna arbeide for Ringsakeroperaen, Spira i Jenkjøping, Opera Trøndelag, Vestfold Symfoniorkester og Opera di Sætra. Maren har tidlegare gjort fleire produksjonar for Opera Nordfjord, og gler seg til å kome tilbake og arbeide med *La Traviata*.

Anne Gotaas

tilskjerar og arbeidsleiar kostyme

Anne Gotaas arbeider frilans innan kostymefaget både som designar, tilskjerar, kostymsyar og koordinator. Ho har hatt oppdrag ved fleire operascener i landet og har designa kostyme til forestillingar ved Den Norske Opera & Ballett (turnéversjon av *Hoffmanns Eventyr*), Ringsakeroperaen (m.a. *Cavalleria Rusticana*, *Grevinne Mariza*, *Den glade enke*, *I cancelliraadens dage*, *Dido & Aeneas*), Teatret Vårt i Molde (*Kjøpmannen i Venedig*), Operaen i Kristiansund (m.a. *Anne Pedersdotter*, *7. far i huset*, *Anna Bolena*, *Albert Herring*, *Macbeth*), Trønderoperaen (*Figaros bryllup*), Opera Trøndelag (*Tryllefløyten*) og Opera Nordfjord (m.a. *Elskovsdrikken*, *Tosca*, *Hertuginna av Chicago*, *Tryllefløyten*, *Søner av Sola*). Gotaas er utdanna kjole- og draktsyar og var i fleire år kostymekoordinator for Opera Østfold.





Trude Amalie Leirpoll

regi- og koreografiassistent

Trude har si utdanning fra Spin Off Forstudium i dans, og har teke ein bachelorgrad i jazzdans på kunsthøgskolen i Oslo. Ho har mellom anna arbeidd for Oslo danseensemble, ODE-ung og gjort diverse produksjonar som frilansar. No arbeider ho for Panta Rei danseatear. Trude underviser også både på Kunsthøgskolen i Oslo og Spin Off, i tillegg til Edvard Munch VGS. Ho har vore koreografiassistent for mellom andre Nina Lill Svendsen og Subjazz. I tillegg har ho gjort egne solo-prosjekt og koreografert for mellom andre Spin Off.

Anndi Bergset

rekvisitør/scenografiassistent

Anndi Bergset kjem opprinneleg frå USA, men er stolt av sitt doble statsborgarskap. Ho har budd i Noreg sidan 2013 saman med mannen sin på Ulvedal. Anndi fekk sin bachelorgrad i kunsthistorie frå Gustavus Adolphus College i Saint Peter i Minnesota og mastergrad i teaterdesign frå Tulane University i New Orleans i Louisiana. Ho er veldig glad for å få bruke utdanninga si i oppdrag for Opera Nordfjord og har hatt engasjement ved operaen nesten alle åra ho har vore i Noreg. Når Anndi ikkje arbeider for operaen om hausten, driv ho klesbutikken Xtra Lekker i Stryn. I 2020 var Anndi scenograf og kostymedesignar for Opera Nordfjord si eventyrlege oppsetting av *Reisa til Julestjerna*. Vi er veldig glade for at Anndi no er fast tilsett i Opera Nordfjord som verkstadansvarleg.



Operautstilling 2022



Kunstnar:
Alexander Stub

**Kulturhuset
Gamlebanken**

Eidsgata 10,
6770 Nordfjordeid
Tlf. 952 65 842



Lydia Hoen Tjore

Lydia Hoen Tjore er utdanna ved Operaakademiet i København der ho kom inn som ei av dei yngste nokon gong, berre 20 år gammal. Etter det har ho vore solistpraktikant på Den Norske Opera og Ballett i to år og gjorde der ei rekke roller – blant anna Zerlina i *Don Giovanni*, Adina i *Elskovsdrikken* og Micaëla i *Carmen*. I fjor var ho ei av berre seks solistar som nådde finalen i Droning Sonja Musikkonkurranse, som einaste frå Norden og i konkurranse med over 500 songarar frå heile verda. Ho fekk der Ingrid Bjoners stipend. Same år kom ho også til finalen i Vinceró World Singing Competition i Italia. Lydia har elles hatt ei mengde konsertoppdrag både i inn- og utland sidan tidleg i tenåra og har vore solist med dei fleste profesjonelle orkestra i Noreg. Etter *La Traviata* i Nordfjord går turen vidare til Opera Rogaland og Bergen Nasjonale Opera.

Erlend Tvinnerheim

Erlend er fødd og oppvaksen i Bergen, men har Nordfjord i blodet. Han har utdanning frå Griegakademiet og Hochschule für Musik i Zürich, Sveits. Erlend har vore tilsett som solist ved Operaen i Basel og Grand Théâtre de Genève der han m.a. har gjort roller som Oronte i Händels *Alcina*, Ferrando i *Così fan tutte*, Ruodi i *Guillaume Tell* og Styrmannen i *Den Flygende Hollender*.

Gjennom dei siste åra har Erlend etablert seg som ein ettertrakta opera- og konsertsongar og han har vore å sjå på scener som til dømes Staatsoper Hamburg, Szeged National Opera, Ho Chi Minh City Opera, Theater St. Gallen, Arctic Symphony Opera og Bergen Nasjonale Opera. Han har eit breitt repertoar som omfattar Bachs pasjonar og messer, samt oratorium av Händel, Haydn, Mozart og Beethoven. Erlend har også gjort samtidsverk, mellom anna Knut Vaages opera *Veslefrikk*, og han sang hovudrolla i europapremièren av Lea Auerbachs *The Blind*.



Trond Halstein Moe

Trond Halstein Moe vann den prestisjefylte Belvederekonkurransen i Wien i 1987 og etablerte seg som ein av dei leiande opera- og konsertsongarane i Noreg. Han var tilsett som fast solist på Den Norske Opera frå 1988 til 2010 og har gjort nærare 80 roller.

Blant mange opptredener har han m.a. gjort Scarpia i *Tosca* på statsoperaen i Stuttgart og Beograd, Telramund i *Lohengrin* ved operaen i Essen, Holländer i *Der fliegende Holländer* i Sevilla, hovudrolla i *Circus Terra* ved statsoperaen i Praha, Der Musiklehrer i *Ariadne auf Naxos* i Santiago di Compostela, Wotan i *Das Rheingold* i Madrid, baryton-rollen i *El Niño* av John Adams ved operaen i Malmø, Germont i *La Traviata* ved statsoperaen i Hannover og Pizarro i *Fidelio* i en produksjon på Robben Island i Sør Afrika i høve feiringa av 10 års-jubiléet for oppløysinga av Apartheid. I 2018 turnerte han med Den Jyske Opera i heile Danmark og song rolla som Germont i *La Traviata* med alle dei profesjonelle symfoniorkestra i Danmark.

Trond Gudevold

Trond er utdanna ved Barratt Dues Musikk institutt som faglærer og utøvande klarinettist, og ved Statens Operahøgskole i Oslo. Han har vore bassolist i Tyskland ved operahusa i Münster og Kiel. Trond har samarbeidd med regissørar som Ronald Rørvik, Stein Winge og Svein Sturla Hungnes. Han har sunge med dei fleste profesjonelle symfoniorkestra i Noreg, og han syng jamleg kyrkjemusikk som Messias (*Händel*) og *Juleoratoriet av Bach*. I 2008 hadde han hovudrolla i *Jeppe på Bjerget* ved Operaen i Kristiansund, og i juni 2021 gjorde han rolla som Leporello i *Don Giovanni*. Dette er den 11. gongen Trond gjestar Opera Nordfjord. Tidlegare har han mellom anna hatt roller i *Jegerbruden*, *Eugene Onegin* og *Flaggermusen* og *Mannen frå La Mancha*, og i fjor spelte han rollene som Stuart og Hollenderen i *Jorden Rundt på 80 Dager*.



Elisabeth Gimmestad

Elisabeth er sopran og kjem frå Gloppen kommune. I *La Traviata* syng ho rolla Annina – som i denne versjonen ikkje er tenestejenta, men veninna til hovudrolla Violetta. Elisabeth har vitja Opera Nordfjord fleire gongar, sist i gjestespelet ved Den Norske Opera og Ballett i musikalen *Mannen frå La Mancha*, som ho òg var med i på Nordfjordeid i 2020. Elles har Elisabeth sunge roller som Grete i *Hans og Grete*, samt Frasquita i *Carmen* – begge ved Bergen Nasjonale Opera, Gilda i *Rigoletto* ved Oslo Operafestival og Rowan i *The Little Sweep* under Gloppen Musikkfest. Elisabeth har mastergrad frå Norges Musikkhøgskole, har stått på scena sidan ho var lita og trivst med fleire kunstuttrykk og musikkssjangrar. Ho skriv òg eigen musikk som ho blant anna framførte under Pederhusveka på Breim i år.

Nora Oleanne Sårheim

Nora Oleanne har sine mastergrader ifrå Griegakademiet – institutt for musikk ved UiB, og Operahøgskolen ved Kunsthøgskolen i Oslo. I Oslo har ho vore å sjå som Donna Anna i *Don Giovanni* og Contessa i *Le Nozze di Figaro* så vel som Fiordiligi i *Così fan tutte* under Oslo Operafestival. Nora Oleanne var initiativtakar til OperaKysten i Florø, og har vore kunstnarleg leiari der sidan den fyrste produksjonen dei gjorde i 2015. Hausten 2018 stifta Nora Oleanne OratorieSolistene og er sopransolist og kunstnarleg ansvarleg for den kyrkjemusikalske gruppa. I sesongen 22/23 vil Nora Oleanne mellom anna vere å sjå både som Kristine i den nyskrivne operaen *Treffet*, og som sopransolist i *Duruflyé Requiem* med OratorieSolistene.





Eivind Kandal

Eivind kjem frå Kandal i Nordfjord. Han avslutta si utdanning ved Operaakademiet i København våren 2017, men debuterte som operasongar allereie i 2012 i operaen *Querini* på øya Røst i Lofoten. Han debuterte på Det Kongelige Teater i København som Gastone i *La Traviata* i 2015, og sesongen 17/18 var han solistpraktikant ved Den Norske Opera & Ballett. I 2017 debuterte han på Opera Nordfjord som Håkon i framsyninga *Sildagapet*, og i 2018 hoppa han inn på kort varsel som Rodolfo i *La Bohème*. Han spelte rolla som barberen i Opera Nordfjord si oppsetting av *Mannen frå La Mancha* i 2020, og i fjor var han på scena i *Jorden Rundt på 80 Dager* i rollene Sir Bellypimple, Florestan og Feng. Eivind har vore solist i ei lang rekkje kyrkjemusikalske verk og samtidsverk, både internasjonalt og heime i Noreg. I tillegg har han vore med på å produsere og framføre ei rekkje framsyningar og konsertar som har turnert rundt på både austlandet, vestlandet og i Nord-Noreg. Eivind og sambuaren Torstein Kollevåg driv Sølvane Gard i Kandal, der dei arrangerer operakonsertar og ei mengd andre kulturelle arrangement.

Andreas Løken Taklo repetitør

Andreas Løken Taklo er ein ettertrakta muskar både som solist, kammermuskar, akkompagnatør og repetitør. Han har hatt solistoppdrag med orkester i Italia og Noreg og hatt solokonsertar i Frankrike, Tyskland og Russland. Andreas har ein mastergrad i utøvande musikk frå Barratt Due musikkinstitut i Oslo og ein master som operarepetitør frå Noregs musikkhøgskule. Han har vore repetitør for Opera Nordfjord sidan 2017. Han blir jamleg leigd inn som akkompagnatør ved Barratt Due musikkinstitut og andre institusjonar.



Sofia Berg inspisient

Inspisient Sofia Berg er oppvaksen på Nordfjordeid og har vore operafrelst sidan Opera Nordfjord starta i 1998, og ho fekk vere inspisient-assistent bak scena på fleire av Opera Nordfjords produksjonar. Ho har studert Musikkvitenskap på Universitetet i Oslo, og etter endt studie søkte ho tilbake til operaen og har sidan 2015 jobba frilans som inspisient ved dei fleste av landets distriks-, region- og nasjonale operakompani.

Kristian Myksvoll Sætren scenemeister

Kristian er fødd og oppvaksen i Måløy. Han byrja som lys- og sceneteknikar på hobbybasis i 2009 og gjekk lysdesign ved Romerike Folkehøgskole i 2013. Han har sidan arbeidd som lysteknikar, lysdesignar og scenemeister. I 2014 byrja han som elektrolærning og sidan elektriskar i Sætren AS, og han har også arbeidd som lærar ved elektrolinja på Eid vidaregåande skule. Han debuterte som scene-elektriskar og teknikar for Opera Nordfjord i oppsettinga av *Madama Butterfly* i 2012, og sidan har han vore med på alle Opera Nordfjord sine operaoppsettingar. I 2019 vart han for første gong engasjert som scenemeister for Opera Nordfjord, og han har hatt denne rolla sidan.





Ine Nord

produsent og scenemeister

Ine Nord er oppvaksen på Eid, og har sitt første minne med Opera Nordfjord som storgutt publikumar på oppsettinga av *Flaggermusen* i 1998. Sidan fekk ho vere med i barnekoret på oppsettingane av *La Bohème* og *Elskovsdrikken*. Ine vaks opp i korpset og kulturskulen på Eid og har gått vidare med musikkutdanning, der ho har oppnådd ein utøvande mastergrad i klarinett ved Sibeliusakademiet i Finland. Etter endt utdanning har Ine arbeidd innan kulturfeltet som frilans muskar, som festivalsjef og med kursing av musikk lærarar i Sør-Afrika, for å nemne noko. Ho har også vore med i orkesteret i nokon av Opera Nordfjord og Eid vidaregåande skule sine musikaloppsettingar. Ine er fast tilsett i Opera Nordfjord som produsent, og pendlar mellom ulike roller innan kulturfeltet i Oslo, og jobben på Nordfjordeid.

Thea Bjørhovde Mavropoulou

Thea Bjørhovde Mavropoulou er utdanna dansekunstnar og dansepedagog ved Norges Dansehøyskole, til ein bachelor i moderne- og samtidsdans med pedagogikk (2017-2020). Hennes entusiasme for dans byrja i ung alder gjennom kulturskulen og fleire av Opera Nordfjord sine produksjonar, mellom anna *Nøtteknekkaren*, *Maskeballet* og *Hoffmanns Eventyr*. For tida utdannar ho seg til ein master i spesialpedagogikk ved sidan av frilanstilværet. Ho har dansa i koreografiar av mellom andre Stian Danielsen, Kari Hoaas og Humanhood. Ho var med på fjorårets oppsetting av *Jorden Rundt på 80 Dager*.



Ingrid Tykhelle Kayser

Som nyutdanna musikalartist frå Musikkteaterhøyskolen (ved Høyskolen Kristiania), gler Ingrid seg til å vere tilbake på Vestlandet for å delta i Opera Nordfjord sin produksjon av *La Traviata*. I vår gjorde ho rolla som Lorraine i den storslagne musikalen *Jersey Boys* på Chateau Neuf, og ho har vore med i fleire TV-produksjonar for NRK, Netflix og Viaplay. I tillegg var ho med på å sette opp ein musikalfestival i Oslo, der fokuset var å til rettelegge for nyskaping og vidareutvikling av bransjen.

Runa Solbakken Bergem

Runa Solbakken Bergem er nyutdanna musikalartist frå Institute for Contemporary Theatre i Brighton, England. Lidenskapen for scenekunst byrja då ho tok sin første dansetime ved Ørsta og Volda Ballettskule som 6-åring. Vidare gjekk ho musikklinja ved Volda vidaregåande skule, der ho var med på ei rekke musikalar og konsertar. Gjennom åra har ho vore med på fleire oppsettingar ved Opera Nordfjord og dansa ved fleire anledningar både i Noreg og England. Ho spelte rolla som The Little Prince i musikalen *The Little Prince* våren 2021 og gleder seg no til å vere heime i Noreg for å vere med på *La Traviata*!



Martha Standal Pavelich

Martha Pavelich er ein nyutdanna musikalartist med bachelorgrad frå Institute for Contemporary Theatre I Brighton, England. Ho har praktisk talt vakse opp i takt med Opera Nordfjord - og har i mange år delteke i ulike produksjonar, som *Carmen*, *Madama Butterfly*, *Flaggermusen* og *The Sound of Music*. Her har Martha vore både korist og dansar, og i operaen *Sildagapet* spelte ho hovudrolla Inga. Martha har også spelt i Oslo Spektrum og på Malakoff Rockfestival med bandet *Indigo Child* i 2016. Opera Nordfjord har ein spesiell plass i hjartet hennar, og ho gler seg til å delta som profesjonell utøvar på den lokale operascena.



Tuva Nyhammer-Taklo

Tuva går tredje året på musikklinja ved Volda vidaregåande skule, med song som hovudinstrument. Ho har vore ein del av dansemiljøet og kulturskolen i Eid/Stad sidan ho var 6 år, og på fritida driv ho framleis med dans, song og fiolin. Frå 2015 til 2020 var ho gjestedansar ved Ballettskolen ved Den Norske Opera og Ballett. Tuva har vakse opp med Opera Nordfjord og har dansa og sunge i mellom anna *Nøtteknekkaren*, *Maskeballet*, *Opera i kyrkja*, *Sildagapet*, *La Bohème*, *Annie*, *Reisa til Julestjerna* og fjorårets *Jorda Rundt på 80 dagar*. I desember 2020 gjorde ho rolla som Lily St Regis i Teater Vestland si oppsetning av *Annie jr.*

Sindre Fløistad

Sindre Fløistad (30) er songar, dansar og skodespelar frå Arendal, busett i Oslo. Han tre års utdanning fra Bårdar Akademiet innan musikkteater og har medverka i fleire store musikalar, mellom anna *Mamma Mia!* og *Billy Elliot* på Folketeateret, *HAIR* på Oslo Nye Teater, og *Spelemann på taket* i Operaen i Kristiansund. Andre oppsettingar og musikal Sindre har medverka i, er *Nasareeren* og *St. Valentin* i Fjæreheia i Grimstad, *En Midsommernattsdrøm* på Hvaler og *Dogfight* på Riksscenen i Oslo. Han har også arbeidd eitt år som artist på Fjord Line og er ein del av *Wallmans On Tour* i Norge, i tillegg til mange andre show og event. *La Traviata* er Sindre sin operadebut.



Mattis Johannessen

Mattis Johannessen (27) er utdanna ved Musikkteaterhøyskolen i Oslo og avslutta utdanninga i 2017. Samme år debuterte han i Musikalen *Askepotts Jul* på Latter i Oslo. Han har gjort musikalane *Kiss me Kate* og *Spelemann på Taket* i Operaen i Kristiansund og har sunge rolla som Caiaphas i konsertversjonen av *Jesus Christ Superstar* i Ullensaker Kulturhus. Mattis gjorde si første hovudrolle i den nyskrivne Postgirobygget-musikalen *Idyll* ved Lillestrøm kultursenter og hausta gode kritikkar. Nyleg har Mattis gjort rolla som Bentein i Svein Sturla Hungnes sin publikumssuksess *Kristin Lavransdatter* ved Akershus Festning. Til jul skal han gjere rolla som Snømannen i den nyskrivne juleforestillinga *Ada* og *Snømannen* ved Lillestrøm Kultursenter. Mattis sitt internasjonale gjennombrøt kom rett nok som Pappa Gris i *Peppa Gris Live On Tour* våren 2022. *La Traviata* blir Mattis sin operadebut.

Simon Standal Pavelich

Simon har vore aktiv i opera- og teatermiljøet på Eid og elles i fylket med hovudroller i *Grease*, *Rent*, *Fame*, og fleire roller i Opera Nordfjord sine produksjonar, mellom anna *Norge-Brasil*, ein opera, *Jorda Rundt på 80 Dager*, *Reisa til Julestjerna*, *Annie*, og i *Mannen frå La Mancha* spelte han rolla som eseldrivaren Pedro både på Eid og i Operaen i Oslo. I 2015 spelte han rolla som Anton i krigsdramaet *Staveneset.Krig* i regi av Jeff Pedersen Productions. Han har tidlegare studert teater ved Rose Bruford College i London og musikkteater ved ICTheatre i Brighton, England.

I 2021 regisserte han *My Whisper to You*, hans første dramatiske kortfilm som han også skreiv, redigerte og spelte i. Filmen er blitt sendt til festivalar i USA, Canada, Frankrike, England og Noreg.



Håkon Bøen

Håkon tok sine første steg inn i musikalverda i skulemusikaloppsettingane ved Eid vidaregåande skule. I 2018 var han ein av fleire frå Stad kommune som kom inn på ICTheatre - Institute for Contemporary Theatre i Brighton, og vart uteksaminert med bachelor i scenekunst våren 2021. I eksamensproduksjonen spelte han hovudrolla som Piloten i Nicholas Lloyd Webbers musikalversjon av fortellinga om *The Little Prince*. I 2020 fekk han Ungdommens Kulturpris for sitt engasjement og entusiasme innan faget. Håkon returnerer til Opera Nordfjord for andre året på rad, og gler seg veldig til å spele *La Traviata* på heimebane!

Megan O'Hara

Megan kjem frå Brighton, England og vart uteksaminert som musikalartist frå Institute of Contemporary Theatre Brighton i 2020. Ho gler seg til å vere med i sin aller første opera. Ho har tidlegare sunge roller i *Oklahoma* (SO Musiall Theatre), *A Chorus Line*, *The Pajama Game*, *A Street Car Named Desire* (Apollo), *Little Shop of Horrors*, *Oliver* (CNCS Productions), *Sleeping Beauty* (Jordan's Productions og *Cinderella* (H2 Productions). TV-opdrag omfattar Green Point Commercial, Hypervolt Commercial, HiHi 3 Commercial. Etter berre å ha gjort oppdrag på engelsk, vil Megan takke Arne, Kari og Michael for å gjere det mogleg å arbeide på ein norsk produksjon, på norsk!



ORKESTER

1. fiolin

Stig Nilsson (konsertmeister)

Madelene Berg
Henri Eftevand
Øyvind Skatvedt Robak
Elin Marie Christensen
Oddhild Nyberg

2. fiolin

Iain Gibbs
Oliver Dyb
Otto Ose
Kari Standal Pavelich

Bratsj

Agnes Elizabeth Pavelich
Yauheniya Mazynskaya
Heidi Johnstad Arnesen

Cello

Henrik Silfverhielm
Hans Holgersson
Ivan Smilovski

Kontrabass

Steinar Haugerud
Aslak Skau

Fløyte

Helga Lied Wyrzt
Rebecca Smilovski

Obo

Milan Adamovic
Aurora Remme

Klarinett

Aksel Hovdar
Elisabeth Røgeberg

Fagott

Ingrid Åhländer Bennett
Haavard Løkting Larsen

Horn

Anita Andersson
Magnhild Tafjord
Asgeir Sjøfteland
Camilla Therese Nereng

Trompet

Per Håkon Sandnes Oftedal
Julia Gåsvær

Trombone

Andreas Rotevatn
Leif Aslaksrud

Slagverk

Thomas Aanonlie
Ruben Dybendal Nordvik
Nicolai Sandnes

OPERAKOR

Sopran

Ane Woxen
Anita Sande
Aurora Vidnes
Eli-Karin Bergheim
Megan O'Hara
Nora Nyhammer-Taklo
Reidun Vambeset
Sol Alme Brendefur
Sølvi Nygaard
Thea Bjørhovde Mavropoulou
Torild Storfjord
Trine Anette Fostervold
Tuva Nyhammer-Taklo
Åsaliv Røgeberg

Alt

Anne Karin Rand
Anne Tykhelle
Berit Marie Kongsvoll
Ingrid Tykhelle Kayser
Karoline L. Kjerpeseth
Martha Standal Pavelich
Runa Solbakken Bergem

Tenor

Håvard Furnes
Knut Sverre Nes
Simon Standal Pavelich
Sindre Fløistad
Trine Ramnefjell

Bass

Erlend Åshamar Eriksen
Håkon Bøen
Jon Sverre Arnestad
Mattis Johannessen
Roar Halkjelsvik

DANSARAR

Håkon Bøen
Ingrid Tykhelle Kayser
Martha Standal Pavelich

Mattis Johannessen
Megan O'Hara
Runa Solbakken Bergem

Simon Standal Pavelich
Sindre Fløistad
Thea Bjørhovde Mavropoulou

Tuva Nyhammer-Taklo
Tyr/statist: Sondre Wingar-Elnes

ORGANISASJON

Styret i Opera Nordfjord

Arve Espe, leiar
Solfrið Bjørkum, nestleiar
Sonja Edvardsen
Grete Berntzen
Roy Aron Myklebust

Vara

Anndi Bergset
Maria Helgesen

Dugnadsgruppeleiarar

Anne Regine Sønderland, kostyme
Steinar Daviknes, kulissar
Per Bøen, parkering/uteområde
Operaens Venner
v/ Randi Nyhammer-Taklo,
servering/vakt

Styret i Operaens Venner

Arve Espe, leiar
Eli-Karin Bergheim, nestleiar
Randi Nyhammer-Taklo
Monja Sørland
Aud Espe Haraldsen
Marie Espelund (vara)
Truls Songstad (vara)

Administrasjon

Operasjef: Kari Standal Pavelich
Kunstnarisk leiar: Michael Pavelich
Produsent: Ine Nord
Økonomisjef: Ranveig Årskog
Verkstadansvarleg: Anndi Bergset
Grafisk produksjon: Veir AS

DUGNADSOVERSIKT

Kostyme

Anne Sønderland (leiar)

Anne-Britt Totland
Anne-Kirsti Noste
Asbjørg Bjørkedal
Aud Fonn
Bente Vangsnes
Birgit Båfjord
Frida Refvik
Grethe Midthjell
Hilde Hoddevik
Inger-Johanne Henden
Inger-Lise Strand
Inger Øyre
Janna Müller-Planting
Lina Oos
Ragnhild Fænn Totland
Reidunn Solheim
Siv Endal
Solveig Nordbø
Unn Henden
Åse Holsvik

Påkledarar

Anne -Kirsti Noste (leiar)

Anita Martinsen
Liv Bjørlo
Unn Henden

Parkering

Per Bøen (leiar)

Erhard Martin
Hans Petter Vereide
Helge Haugland
Jan Skogstad
Nils Rune Nesbakk
Svein Erik Sørland

Servering/vertskap

Randi Nyhammer-Taklo (leiar)

Anne-Jorun Hestenes
Aud Haraldsen
Bente Eikås
Berit Engeland
Bjørge Erviksæter
Christine Haavik
Elin Paulsen
Else Lillestøl
Geir Lefdal
Gerd Fløde Bjørlo
Guro Hjelle Strømmen
Hilde Bjørhovde
Inger Helen Haavik
Kari Flaten
Kristbjørg Sandvik
Martha Kjøllesdal
Monja Sørland
Nils Helge Løkling

Oddrun Erviksæter

Oddrun Rye
Paul Jacob Helgesen
Ragni Marie Rasmussen
Reidar Erviksæter
Roald Hanssen
Siri Sandvik
Sissel Nilsen
Solveig Sandven Kjesbu
Stein Åke Berteig
Terese Balsnes
Torbjørg Lefdal
Tore Nyhammer-Taklo
Tormod Nilsen

Kulissar

Steinar Daviknes (leiar)

Albert Müller
Anders Nordbø
Emmanuel Sadorge
Hans Knævelsrud
Hilde Heggen Haugland
Jørgen Bergset
Oddleiv Hauge
Odd Nyberg
Per Oos
Pål Tore Jacobsen
Webjørn Moa

Hår/sminke

Agnes Elizabeth Pavelich
Qusai Alhalawany

Transport

Terje Hegggen

HJARTELEG TAKK TIL ALLE VÅRE FANTASTISKE FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR!

Ein særskild takk til elevar og lærarar ved Eid vidaregåande skule for det gode samarbeidet

Lærarar

Bjarne Eriksen
Geir Hjellev
Jarl Even Englund
Mari-Janne Henden
Marilyn Osmundsvåg
Morten Bjørhovde
Sigrunn H. Leivdal

Vg2 Frisør (2 FRIA)

Aurora Alice Ommedal Bjørnø
Elida Myklebust Valaker
Helene Norheim
Henriette Holm Nesbø
Linea Lorenze Brendø Gjørøy
Mariell Janita Eikeset Opsal

Følgjespot:

Andrea Evebø,
vg1 Teknologi- og industrifag

Carina Skogli,
vg1 Teknologi- og industrifag

Sebastian Henden,
vg1 Elektro og datateknologi

Thea Sofie Egge,
vg1 Teknologi- og industrifag

Vg2 Industriteknologi (TIPPIN2)

Adam Goitom Asefaw
Anton Kåre Røkås
Benjamin Hoddevik
Christopher Solheim
Dawid Jakub Kolak
Jonas Myklebust
Olav Andreas Seljeset
Sanne Petrine Førde
Thea Klakegg Seime
Youssef Hassan Alali

Vg2 Industriteknologi (vaksne)

Abdulrahman Bakri Ahmad
Hermon Efrem Bereket
Imad Hasan Alali
Mahmoud Nouman Aleliwi
Mohamed Ahmed Mohamud
Riad Mohamad Alaroda
Vegard Lindvik Auflem

Vg2 Interiør og eksponeringsdesign (FDIED2)

Elise Brattaker Loen
Thatthep Donsuwo
Thea Vedå Rabben
Viktoria Chepurna Fure
Xyris Morcilla

Vg2 Datateknologi og elektronikk (ELDEL2)

Amandus Valentin Vidnes
Jostein Brendehaug
Kristian Wik Djønne
Loke Andre Fjeldsbø
Mohamed Adam Abdulkarim
Ruben Vambeset Årskog
Sebastian Bakkeliid
Tormod Brandal
Vidar Inge Opsal



Operaens Venner er ein veldedig medlemsorganisasjon som jobbar for å støtte opp om og skape engasjement og entusiasme for Opera Nordfjord.

Vil du bli ein av oss? E-post: arveespe@icloud.com eller tlf. 952 65 842



Opera Nordfjord

Vi ynskjer lykke til med framsyningane

Skal vi ta vare på alt det verdifulle vi har her på Vestlandet, må vi gjere det saman – for saman gjer vi det betre.

#sammengjørvidetbedre

 SparebankenVest

SPONSOR II



ENGASJERT STØTTESPELAR AV IDRETT OG KULTUR



SPONSOR III



SPONSOR IV



Vest Auto

Eid Motor AS

ØYANE - 6770 NORDFJORDEID
Tlf. 57 86 01 19 - 995 24 080



FRISLID
AMFI NORDFJORD

**ac
count
+or™**

Gloppen
Måløy
Eid



Reklameservice®
etablert 1985



ERVIK
Havfiske

NORDFJORD
HOTELL

ALTI NORDFJORD

Vil du ha litt meir *Opera Nordfjord* i livet?

Følg oss på Facebook, Instagram og Snapchat!



operanordfjord

ANNONSØRAR

Eid Elektro

www.eidelektro.no

Caverion

ANNONSØRAR

Fjordabladet

REMA 1000

NORDFJORDEID



Café Restaurant & Pizzeria

Eidsgata 45

453 99 360 / 578 60 080

REMA 1000

STOKKENES



sport 1

ekte sport.

China Restaurant

Almenningen 1
Tlf: 57 86 25 99



Man-Fre: 09.00 z 16.30
Lør: 10.00 - 15.00

Didriks

Kafé

Man-Fre: 08.30 - 18.00
Lør: 08.30 - 16.00

nordplan

Nordplan AS
tlf: 57 88 55 00
www.nordplan.no

Plan og infrastruktur
Arkitektur og landskap
Konstruksjon og byggeteknikk
Energi og miljø
Prosjektadministrasjon

Nordfjordeid
Førde
Ørsta / Volda
Stryn
Vågåmo
Ålesund
Måløy
Bergen



EXTRA

EXTRA STORT UTVALG TIL EXTRA LAVE PRISER




ORIS DENTAL

Vi kan tenner. La oss ta vare på dine



Hildenes Gartneri as



OPERAHUSET

NORDEFJORD

ANNONSØRAR



interoptik
Sæbo
Eidg. 1, tlf.: 57 86 11 54, Nordfjordeid

| minibakeriet |

Sansa
Frisør

norli

SUNDEHJØRNET

Eid Miljø
Gåver - Garn - Interiør

Primula
Design
GÅVER - LAFTEBOKER - HØRST

EUROSKO



AL-COM A.S.
Eidsgata 43 • 6770 NORDFJORDEID
Tlf. 57 86 37 70 • post@al-com.no

MAGNIFIKK

**N^o NORDFJORD
OPTIKK**

aske
GATEMAT & BRYGGERI

Jannes
HÅRVERKSTED

cut
HÅR OG VELVÆRE

**NORD
FRISØRSALONG**

nordfjordklinikk1

Bankkjellaren
BAR & GJESTESTOVE

FIN
frisør og hudpleie



KREFTFORENINGEN
BRYSTKREFTFORENINGEN

Opera Nordfjord støtter Rosa Sløyfe-aksjonen 2022
www.rosasloyfe.no

TAKK TIL VÅRE OFFENTLEGE BIDRAGSYTARAR FOR STØTTE I MANGE GODE ÅR

KULTURDEPARTEMENTET



**Vestland
fylkeskommune**



Stad kommune



operanordfjord.no

